

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

3. Endeleg framlegg til bompengesatsar vert fremja først når det er klart om planprogrammet er i tråd med Stortinget sitt klimaforlik med gjennomgåande kollektivtrasé og muligheit for skinnegåande transport.
4. Fylkesutvalget er åpen for, og ønskjer velkommen, nye og smartare modellar for å bygge og vedlikehalde veg, slik at vi får meir effektiv vegbygging og effektivt vedlikehald. Fylkesutvalet er imidlertid skeptiske til at Sotrasambandet skal verte bygd ut som ei OPS-utbygging. OPS er ikkje ein framtidsretta og moderne måte å finansiere samferdselsprosjekt på. Privat lånefinansiering av veg er dårleg forvaltning av fellesskapets pengar, og privat finansiering av offentlige veganlegg gir større finanskostnadar som til sjuande og sist må verte betalt av fellesskapet."

Renate M. Klepsvik (Frp) sette fram slikt forslag:

"Alternativ:

Fylkestinget er positiv til utbygginga av Rv 555 Storavatnet-Kolltveit Sotrasambandet.

Fylkestinget ser ikkje at nokon av dei tre skisserte alternativa er tenlege for prosjektet. Sotrasambandet er viktig i nasjonalt perspektiv, og fylkeskommunen må syta for at auka statleg finansiering sikrar fullfinansiering av Sotrasambandet."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 13 røyster mot 2 røyster (Frp) for Klepsvik sitt forslag.

Hammer sitt forslag punkt 3 fekk 3 røyster (SV, MDG, V) og fall.

Hammer sitt forslag punkt 1 fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget er positiv til å delfinansiera utbygginga av Rv. 555 Storavatnet - Kolltveit, Sotrasambandet, med bompengar.
2. Fylkestinget sluttar seg til prinsippa for delvis bompengefinansiering av Sotrasambandet som skildra i notat av 3.2.2016, kap. 2.1 - med tilrådd plassering av bomstasjonar/bomsnitt etter prinsipp 3, dvs. tovegs bompeng einnkreving i snittet mellom Bergen og Sotra, med bomstasjonar på nye og gamle Sotrabrua, med same takstnivå i begge punkta og ordinære rabattordningar i tråd med gjeldande retningslinjer. Fylkestinget ber om at desse føresetnadene vert lagt til grunn for utarbeiding av endeleg bompengesøknad.